



Miljødirektoratet

v/Statsforvaltaren i Rogaland

sfropost@statsforvalteren.no

22.3.2021

LØYVE OM UTSETTING AV UTANLANDSKE TRESLAG PÅ 285/2 I VINDAFJORD KOMMUNE – KLAGE

Vi viser til vedtak av 4.3.2021, dykkar ref. 2020/11247.

Klagar meiner at føresetnadene for å gje løyve ikkje er til stades, og ber om at vedtaket blir omgjort til avslag.

Klagar har si merksemd på biologisk mangfald, og kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Plikt til planting?

Det er hogd skog på eit areal i 2020. Slik lovverket er, så har det då venteleg blitt eit krav om tilplanting av arealet innan 3 år. Det er mogleg det er slik det blir, men historia om denne skogteigen kan også ende på ein annan måte.

Flyfoto (figur 7) frå området i 1960 viser ei myr på nesten heile søknadsarealet. På flyfoto (figur 6) frå 1972 ser vi ei myr som er grøfta. I vedtaket no i 2021 «*Synfaringa viste at marka er svært fuktig, og botnvegetasjonen var dominert av mose, deriblant bjørnemose og torvmose. Tilgrensa område hadde botnvegetasjon av blåbærlyng. Artane indikerer at området er fuktig og kalkfattig.*» Det har altså ikkje lukkast heilt å gjere myr om til skogsmark på 50 år. Naturen påstår hardnakka at det på denne staden skal vere myr.

Naturvernforbundet
Mariboegate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboegate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs
Plass, 0130 Oslo
wwf@wwf.no

I dei seinare åra har samfunnet oppdaga at vi har ei klimakrise og ei biologisk mangfaldkrise. Vi veit at myr har ein viktig funksjon med omsyn til klima. Vi veit dessutan at myr er viktig for å hindre flaum. Denne myra er heilt øvst i vassdraget som blir til Eidselva og ender opp 4 km lenger nede gjennom sentrum av Ølen.

www.bt.no › nyheter › lokalt › maa-flomsikre-oelen-se... ▾

Må flomsikre Ølen sentrum - Bergens Tidende

27. jan. 2006 — Eidselva gjennom Ølen sentrum må flomsikres. Murene langs elven står i fare for å rase ut. Da kan elven finne nye veier inn i sentrum.

Skal vi halde fast på våre feil no når vi veit betre?

Sjølv om søkjar har hogd sitkagran er han ikkje pliktig til å plante sitkagran på nytt. Pliktene til planting vil vere oppfylt også med å plante dei treslaga som var på staden før det blei planta sitkagran. Vi viser her til Aichimål 9:

«Innen 2020 er fremmede skadelige organismer og deres spredningsveier identifisert og prioritert, utvalgte organismer er kontrollert eller utryddet, og det er innført tiltak for å kontrollere spredningsveier for å hindre introduksjon og etablering.»

I dette høvet viser flybiletet frå 1960 at det var tale om nokre ganske få tre.

Mynde var nok i si tid pådrivar for å plante grana som no er hogd. Grunneigar visste den gongen ikkje noko betre enn å gjere som staten rådde til. No bør staten som mynde rette opp dette og i staden for å krevje gjennomføring av planting heller hjelpe grunneigar med å restaurere myra. Første steg på vegen er å avslå søknaden om å plante sitkagran.

Fare for langdistansespreiing

Både nord for og sør for omsøkte areal er det område utan trevegetasjon. Både Hovda/Vidhovda og Svartafjell ligg mindre enn 2 km unna. Dette er område som er lett mottakelege for frøspreiing. I randsonene er det moglegheiter for rømlingane til å stikke seg bort så lenge at dei kan få til å frøe seg. Etter 5 tregenerasjonar vil det vere uråd å ha kontroll med dette.

Vi legg elles merke til at synfaringa som er gjort i denne saka ikkje kunne ha påvist langdistansespreiing i noko fall, sidan det berre er areal nær plantefeltet som er sett på. På denne måten vil ein heller ikkje i framtida få særleg kunnskap om langdistansespreiing.

Vi legg ved ein rapport frå Hustadvika kommune om frøspreiing av lutzgran. Den viser svært tydeleg at det kan bli tale om eit betydeleg tal individ som veks opp. Viktigast er det at dei også kan etablere seg på stader der vi menneske har vanskar med å kome til.

Elles ser det ut som det er sameige i fjellområdet (figur 3). Då vil det vere krevjande å få til løyve for å få fjerna rømlingar. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har t.d. verken

oppnådd løyve hos sameigarane eller reaksjon jf. naturmangfaldlova § 21 frå Statsforvaltaren med tanke på å fjerne lutzgrana ved Stemshesten i Hustadvika kommune.

Som følgje av klimaendringar og endra bruk, går tregrensa opp. Det vil seie at trelause areal minkar. Artar som lever i dei trelause områda vil dermed misse leveområde framover. Ytterlegare attgroing i form av frøspreidd sitkagran vil då forsterke dei negative tendensane. Dette skal vurderast jf. nml. § 10 «*En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.*» Det er altså ikkje berre situasjonen slik han er i dag som skal vurderast. Det vil også vere slik at viss ein no sluttar å plante utanlandske treslag i området, vil areal med utanlandske treslag minke etter kvart som dei blir hogde. Blir det gjeve løyve, vil areala i alle fall ikkje minke, og påverkinga vil vare ved.

Tiltak mot langdistansespreiing

Langdistansespreiing er ein viktig del av risikobiletet. Difor er vilkår i vedtaket spesielt viktig på dette området. Vi finn dette: «*Ved spreiiing til andre eigedommar må skogeigar om mogleg hente inn samtykke frå grunneigarar av naboegedommar til å fjerne etablerte planter.*» Når dette er det som står, er det i alle fall to vesentlege manglar.

- Det er ikkje nokon plan B viss ein ikkje oppnår samtykke frå naboar.
- Det er ikkje konkretisert noko om kor langt frå plantefeltet plikta til å fjerne rømlingar gjeld.

Statsforvaltar har synfart omsøkte areal. Det omfattar ikkje mykje meir enn eit par hundre meter utanfor omsøkte areal.

Sidan både søkjar og Statsforvaltar verkar å ha ei nærsynt tilnærming til kva areal som kan få spreiiing og det ikkje finst noko konkret om det i dokumenta, meiner vi at dette må klargjerast. Ein må då ta utgangspunkt i ei spreiiingsavstand på minimum 2,5 km, og då er arealet som må ha kontroll ca. 20 km² stort. Når ein reknar meirinntekt med bruk av sitkagran, må ein også ta med meirkostnad med kontroll av eit slikt areal.

Slutta skog

Det er fleire stader i vedtaket referert til at det er slutta skog og dermed liten fare for frøspreiing. Vi vil minne om at tidsperspektivet for frøspreiing er langt. Bestand som er slutta på eit tidspunkt er fort vekk ope på eit anna tidspunkt. Er det tale om drivverdig skog, vil det på eit tidspunkt bli hogd. I tillegg til at areala då er heilt opne vil dei også vere rota med slik at spiretilhøva er heilt optimale. Å stole på at slutta skog hindrar frøspreiing kan ein ikkje gjere.

Synfaringsrapporten fortel elles om at sjølv lauvskog langs vassdraget er hogd. Der er det eit område ein kan tenkje seg at skogen står slutta over lengre tid. Men det er altså ikkje tilfelle.

Sidan det er avrenning til vassdraget frå køyrespor, så er det vel her eit døme på at slutta skog ikkje lenger er slutta, men tvert om svært mottakeleg for frøspreiing.

Dei to sistnemnte forholda tilseier vel at det skulle ha vore ein reaksjon etter vassforskrifta også.

Kunnskap om biologisk mangfald

Artskart har ingen registreringar på omsøkte område. Einaste registreringa innanfor ein kilometer radius gjeld ringtrast og havørn. Vitskapleg tilnærming tilseier at det ikkje finst meir enn det ein har sett. Naturmangfaldlova seier at ein også skal legge vekt på generasjonar erfaring i tillegg. Då bør ein konkludere med at mangelen på registreringar skuldast at ingen har vore ute og registrert. Det kan godt vere at det finst både det eine og det andre på denne staden. Det er omtala beitemark av ulike slag, vernskog og hei.

Ei synfaring har rett nok retta opp noko, sidan vi no veit at det også er bjørnemose og torvmose på staden. Sidan bjørnemose ikkje er eintydig art, og det same gjeld torvmose, så er det kanskje like greitt at Statsforvaltaren har gløymt å legge inn observasjonane i Artskart, slik at observasjonane får varig verdi.

Når ein tar eit litt meir overordna blick på registrerte naturtypelokalitetar, finn ein lokaliteten Ingriddalen som er eit kompleks av låglandsmyr (Figur 5). Avstanden til myra er mindre enn 2 kilometer, og området vil vere utsett for frøspreiing.

Ingriddalen er registrert så langt tilbake som på 1990-talet. Andre lokalitetar finst ikkje, mest truleg fordi det ikkje har vore noko større kartlegging av naturtypar.

Kunnskapen om kva naturen har å by på i dette området er altså usedvanleg fråverande, i alle fall i opne kjelder. Det er slett ikkje grunnlag for «*Statsforvaltaren vurderer at det er tilstrekkeleg vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap i denne saka, jamfør nml § 8.*».

Kunnskapsgrunnlaget må vere så godt at ein med rimeleg tryggleik kan gjere ei vurdering jf. forskrifta § 7, 1. ledd, siste setning: «*Det kan ikke gis tillatelse hvis det er grunn til å anta at utsettingen vil medføre vesentlige uheldige følger for det biologiske mangfold.*»

Det må elles vere eit sterkare krav om god kunnskap jo større risikoen er.

Vektlegging av andre viktige samfunnsinteresser

I mange høve seier forskrifta at vurdering etter nml. § 14 ikkje skal tilleggast vekt. Vi antar at konsekvensane av frøspreiing til opne areal i fjellet er av ein slik art at det ikkje skal gjerast vurderingar etter § 14. Om så skulle vere at slike vurderingar skal gjerast, så meiner vi at tema myr og flaumfare då må tilleggast betydeleg vekt, som tilleggsulempe.

Konklusjon

Kunnskapsgrunnlaget har så store manglar at det ikkje kan gjerast vedtak. Langdistansespreiing er sannsynleg. Det er heilt umogleg å vite kva slags natur som då vil bli råka, og det oppstår sumverknad av ukjent omfang. Tidlegare drenering av myr har negativ verknad mellom anna for tryggleiken langs vassdraget, og dette må reparerast.

Oppsetjande verknad av klaga


Vi har registrert at Statsforvaltaren har varsla oppsetjande verknad av eventuell klage.


Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet


Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Marte Conradi
Seniorrådgjevar, WWF Verdens naturfond






Figur 3. Frå Gislink 6.3.2021. Eiegdomsgrenser.




Figur 4. Frå Artskart 6.3.2021



Figur 5. Frå Gislink 6.3.2021. Turkis markering gjeld naturtypelokaliteten Ingriiddalen.



Figur 6. Frå Gislink. Flyfoto frå 14.7.1972.



Figur 7. Frå Gislink, flyfoto frå 4.7.1960